



Notat

Til
Kopi til
Vår ref. FST-012 - 25/183-1
Saksbehandler Gunnar Elnan
Dato 18.03.2025

Årsmelding 2024

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Generell del
3. Viltforvaltning
 - 3.1 Villreinforvaltning
 - 3.2 Elgforvaltning
 - 3.3 Småviltforvaltning
4. Fiskeforvaltning
 - 4.1 Fiskeutsetting
 - 4.2 Prøvefiskeresultat
 - 4.3 Garnfiskestatistikk
 - 4.4 Kalking
5. Fjellstyrehyttene
 - 5.1 Hyttestyret
6. Beiteleiga
7. Anna

1. Økonomisk del

Aktiviteten til fjellstyret er i hovudsak styrt av økonomien. Hovudinntektskjelder er inntekter frå sal av jakt og fiskekort. Driftskostnadene er knytt til drift av Hardangervidda fjelloppsyn as, tenestekjøp frå Eidfjord kommune, sekretærkjøp og driftskostnader med fjellstyrehyttene.

Det er utfordrande å få drifta til å gå i null eller eit lite pluss med låge fellingskvoter. Spesielt gjeld dette situasjonen med fellingskvote styrt av omsynet til skrapesjuke og dokumentasjon av tilstanden i stamma. Interesse for villreinjakt er dalande sidan moglegheiten for felling er låg med liten bukkedel i stamma.

I tabellen under vert hovudtal frå rekneskap frå 2023 og 2024 samanlikna.

Årsresultatrekneskap	2024	2023
Driftsinntekter	1 324 874	1 303 672
Driftskostnader	1 507 034	1 692 380
Driftsresultat	-182 160	-388 708
Finansinntekter	109- 847	82 042
Årsresultat	-72 313	-306 829

Driftsinntekter:

- Hovudinntekstskjeldene var sal av fiskekort, villreinkort og småviltjaktkort.
- Småviltjaktkort er ei viktig inntektskjelde dei åra det vert opna for rypejakt.
- Andre viktige inntekter er reguleringserstatning, festeavgifter og hytteleige.

Driftskostnader:

- Største driftskostnader er drift av Hardangervidda fjelloppsyn, vedlikehald av fjellstyrehyttene, administrasjonskostnad Eidfjord kommune, sekretær, styrehonorar, politisk arbeid for Fjellstyra på Hardangervidda og kontingent NFS.

2. Generell del

Fjellstyret har i året helde 8 styremøte og handsama 56 saker.

Leiar er fjellstyrets representant i styret for Fjellstyra på Hardangervidda som er fellesorganet for fjellstyra på Hardangervidda. Viktigaste funksjonen til styret er å vera arbeidsgjevar og generalforsamling for Hardangervidda fjelloppsyn AS.

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinforvaltning

Fellingskvota vart sett til 2500 bukk 2,5 år og eldre. Kvotediskusjon er prega av kravet om dokumentasjon av tilstanden i forhold til skrantesjuke (CWD).

Fellingskvota til fjellstyret var på 236 løyve. Det vart felt 9 bukk 2,5 år og eldre på fjellstyret si kvote.

Interessa for villreinjakta er dalande, dette skuldast truleg situasjonen med CWD og kvotene som følgjer av dette omsynet. Ettersom delen vaksen bukk har gått ned som følge av jaktordninga, har moglegheiten til å fella dyr gått ned. I tillegg er stammestorleiken låg slik at moglegheiten til jakt er redusert.

Fjellstyret fekk tilslutning frå Miljødirektoratet til å freda vatna sør for Nordmannslågenvassdraget for stongfiske i reinsjakta av omsyn til reinstrekk og reinsjakt. Ordninga vil bli sett i gang frå årets jakt.

3.2 Elgforvaltning

Interessa for elgjakta har vore stigande. Tilsaman var det 12 jaktlag som søkte.

Statsallmenninga er del av elgvaldet Eidfjord fjellelg. Kvota til fjellstyret var 2 kalvar, 1 ku og 1 vaksen okse. Det vart felt ein kalv og ei ku.

3.3 Småviltforvaltning

Takseringa i august viste bra med rype og brukbar produksjon av kyklingar. Dette gav grunnlag for å opna for jakt. Det er stor interessa for småviltjakt på statsallmenninga.

Statistikken viser følgjande tal felt;

Tal rapportar	Felt fjellrype	Felt lirype
184	87	187

I snitt gjev dette om lag 1,5 rype per rapport. Dette er grunnlag som kan vera viktig i den vidare forvaltninga i forhold til kva jaktuttak rypestamma tåler.

4. Fiskeforvaltning

Fiske på Hardangervidda er godt kjent og ein viktig ressurs som inntektskjelde for fjellstyret, lokal matressurs og som friluftaktivitet for utanbygdsbuande og utlendingar.

4.1 Fiskeutsetting

Det vart sett ut 1000 setjefisk i Tinnhølen.

4.2 Prøvefiskeresultat


Følgjande vatn vart prøvefiska;

Langavatnet


- Delen småfisk er forsett høg i Langavatnet, men prosentvis fordeling av lengdegrupper viser at fiskestamma nærmar seg ein normalfordeling.
- Fangst/innsats i prøvefiske viser at ein er tilbake til 90-talet når det gjeld tettleik.
- Garnfiskestatistikken viser og ein oppgang i innsats utan at det viser tilsvarande auke i avkasting. Det er potensial for høgare avkasting i vatnet, men da må dette kombinerast med tiltak for å redusera småfisken.
- Eit kontinuerleg tynningsfiske vil bidra til betre kvalitet og snittstorleik i stamma. Truleg bør det tillatast tynningsfiske før ordinært garnfiske med maskevidde 26mm og mindre. Det er viktig at det førast statistikk for dette fisket.

Istjørn

Istjørn har ikkje vore prøvefiska tidlegare så langt ein kjenner til. I 1991-92 vart det sett ut finpriikkaure i tjørnet som eit tiltak for å sikra overleving av finpriikkauren. Etter den tid er det kome sporadiske rapportar om fangstar på stong. Prøvefiske dokumenterer at den utsette auren har overlevd og rekruttert i vatnet. Det var ein eldre og fleire små/unge individ i fangsten. All fanga aure var av typen finpriikkaure.




Svartavasstjørn




I Svartavasstjørn er fiskestamma framleis dominert av liten aure.

Svartavatnet

Føremålet med prøvefisket i Svartavatnet og Svartavasstjørnet er primært gjennom mageanalyser å dokumentera førekomst av marflo og skjoldkreps. For fjellstyret sin del gir prøvefiske informasjon saman med fangstrapporteringar informasjon som brukast i forvaltninga. Statistikken viser mindre førekomst av aure mellom 30-40 cm, men god rekruttering.



4.3 Garnfiskestatistikk



Statistikken viser ein nedgang i rapportert mengde fiska. Samstundes er det å merka at rapporteringa ikkje er 100%, så truleg ligg det samla utbytte frå garnfiske noko høgare. Utbytte frå garnfiske målt i kg per garndøgn er noko lågare enn tidlegare år. Ei medverkande årsak her er at tynningsfiske og prøvafiske er med i statistikkgrunnlaget. I dette fiske er tal og kg utbytte ofte lågt i forhold til innsats.

4.4 Kalking

Tek her med eit utdrag frå rapporten Eidfjord kommune laga frå kalkinga i Svartavatnvassdraget;

Dei vasskjemiske data frå Svartavatnet og Svartavasstjørni har dei siste åra synt særskilte marginale kalsiumkonsentrasjonar. Dette er et grunnstoff som er naudsynt for krepsdyr (Økland & Økland 1985, Rukke 2002, Cairns & Yan 2009).

Dei vasskjemiske resultatane frå 2024 syner at berre 3 av 18 prøvar målte pH over 6,5. Eit av formåla med kalkinga var å etablere eit bra levemiljø for finprikkauens næringsdyr (Fjellheim m. fl. 2002). Overvaking av lokalitetane i 2017 og 2018 (Fjellheim m. fl. 2018) viste at kalsiuminnholdet i Svartavatnet og Svartavasstjørni var kritisk lågt for marflo.

Sjølv om vasskvaliteten i området kan karakteriserast som tilfredsstillande etter vassforskrifta, er den ikkje akseptabel i forhold til miljøkravene til marflo. Rekalkingen i 2017 vart satt inn nettopp for å hindre negative fysiologiske effektar på bestandane av dei store krepsdyra marflo og skjoldkreps. Dette kalkingstiltaket har ikkje vore effektivt nok til å sikre ein vasskvalitet som tilsvara miljømåla for marflo. Derfor har det vært heilt naudsynt med kalking i 2020, 2022 - 2024.

5. Fjellstyrehyttene

Fjellstyret har oppretta hyttestyre samansett av fjellstyremedlemar busett i Eidfjord. Hyttestyret har som hovudføremål å drifte fjellstyrehyttene med vedlikehald, utstyr og oppgraderingar. Økonomien til hyttestyret vert vedteke i fjellstyret. Hyttestyret avtalar med oppsynet oppgåver dei skal utføre i samband med fjellstyrehyttene.

5.1 Hyttestyret

Her vert teke inn oppsummering av aktivitet hyttestyret har utført i 2024;

Krobu :

Innkjøp og transport av nye madrasser + ved /propan

Teke av sengetøy for vask

Registrert at det må ny spenningsregulator og batteri, monterast 2025

Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg, innkjøp og skifta batteri

Transport av ved / propan, kjøpt div kjøkkenutstyr mv.

Montert solpanel, lamper mv og solventilator i steinbua.

Rest opprydding av div etter rehabilitering steinbua, transportert ut.

Transport av båt etter riving av naust som me fekk frå Eidfjord kommune, båt transportert vidare til Olavsbusvatn

Viersla:

Transport av ved og propan,

Demontert vedovn i oppsynsrom, div tetting i ovnspipe

Transport og lagt på nyvaska sengetøy.

Notert opp div arbeider som skal utførast i 2025

Langavasshadle:

Transport av ved propan+ sjekk av brannslukkere og solselleanlegg

Skifta til nyvaska sengetøy.

Notert opp div mangler

Stigstuv:

Sjekk og supplert med ved/gass

Sjekk av brannvarslere, notert opp div mangler til kjøkken

Solcelleanlegg bør skiftast ut, styringstavle og batteri

Registrert at det må tettast i tak, utførast i 2025

Tinnhølen:

Transport ved og propan.

Planlagt rehabilitering av hytta.

Kjøpt inn og transportert nye alle vinduer,2utedører,2 innedører + laminat alle golv

Vinduer er montert og deler av golv er lagt av HF

Uttransport av rivingsmaterial.

Vegger innvendig er beisa, utført av HF, vakt

Kjøpt også inn nytt komplett solcelleanlegg, delvis montert.

Det vert å kjøpa inn nytt kjøkken, nye møbler i stovedel + nye senger soverom.

Rest arbeider vert å utføra 2025 av hyttestyre.

Heisantjørnsbu:

Transport av ved /propan og bensin.

Tømt toalett

Skulevikshytta:

Ingen spesielle arbeider, hytta er stengt og vert ikkje utleigd.

Har satt i gang ein prosess med å få løyve til ny hytte ved Olavsbuvatn mot at Skulevikshytta vert riven. Var på befaring ved Olavsbuvatn og såg på eventuell plassering

6. Beiteleiga

Halne beitelag slepte 310 sau på beite. Det er ikkje rapportert brot på vilkår for beiteleiga.

7. Anna

- Bernt Hagtor Augestad er fjellstyret si medlem i Hardangervidda villreinutval.
- Lars Kristian Eidnes er fjellstyreleiar og styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda as.
- Statsforvaltaren har varsla oppstart av revisjon av forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda. Dette er eit arbeid og prosess fjellstyret ynskjer å vera aktiv deltakar i.
- Fjellstyret hadde innspel til tiltaksplan for villrein. Det er departementet som førebur eit utkast som skal sendast på høyring. Bakgrunn for arbeidet med tiltaksplan er kvalitetsnormen for villrein der Hardangervidda ikkje har tilfredstillande tilstand.
- Fjellstyret har stilt til disposisjon fjellstyrehytta på Tinnhølen til informasjonsmedarbeidaren for Tinnhølvegen. Informasjonsmedarbeidaren var delaktig i arbeidet med oppgradering av hytta. Fjellstyret ser behovet for funksjonen som bidrar til ordna forhold langs Tinnhølvegen og har oppmoda kommunen til å vidareføre funksjonen med informasjonsmedarbeidar.
- Prosjektet med innsamling av båtvrak vart avslutta med uttransport til Tinnhølen der vraka vart henta samla. Frå statsalmenninga vart det henta inn 16 båtvrak. Tilskotet og vrakpanten dekte kostnaden fjellstyre hadde med innsamling utført av oppsynet.